



Det eldste, kjende fotografiet av Haugesund frå tidleg i 1860-åra viser Smedasundet med hamna på bysida til høgre og Hasseløy til venstre. Fotografen stod på Trosnaberg på Risøy. I bakgrunnen til høgre ligg gamle Skåre kirke. Heile området høyrde til Skåre sokn i Torvastad prestegjeld. Kyrkja vart rivne 1878 og erstatta av noverande Skåre kirke i Haugesund prestegjeld.

Foto: Jan Greve (?), kopi Margit Petersen, Karmsund folkemuseum MHB-F.7441

HAUGESUND OG DEN LOKALE FOTOGRAFIHISTORIA to 150-års jubilarer

Lisabet Risa

Vårsildfisket skapte byen Haugesund. At Haugesund fekk ladestadsrettar i 1854 og ikkje før, og at byen voks fram ved den gamle gjestgjevarstaden Kronå i Sundet under garden Hauge, var resultat av fleire faktorar som ikkje er tema i denne artikkelen. Men vi kan slå fast at Haugesund og fotografiet er om lag like gamle i Rogaland. Dei aller eldste, bevarte fotografia i fylket kan nemleg daterast tilbake til ca. 1853-1855.

I denne artikkelen skal vi sjå på fotografane som kom til Haugesund etter 1854, kven som slo seg ned i byen, og kva fotografitypar dei produserte i den første hundreårsperioden av byen si historie.¹

Dei første fotografia - frå daguerreotypi til visittkortbilette

Fotografiet sitt offisielle fødselsår i Europa vert sett til 1839 med franskmannen Louis J.M. Daguerre sin presentasjon av oppfinninga si; ein metode for framstilling av bilete ved hjelp av lys og kjemiske middel. Dei første bileta, såkalla daguerreotypi, var ikkje fotografi på papir som vi kjenner dei, men små, spegelvende bilete. Bileta var veldig sårbare. Derfor vart dei alltid isolerte med glas og plasserte i etui. Bileta var som små kunstverk eller miniatyrmaleri og fanst bare i eitt eksemplar.

Denne artikkelen skal ikkje handla om dei tekniske sidene ved utviklinga av fotografiet. Det kan likevel vera greit å kjenna til dei viktigaste overgangane til nye negativtypar: overgangen frå daguerreotypi til glasnegativ (våtplater) kring 1859, overgangen frå våtplater til prefabrikerte tørrplater kring 1885 og overgangen frå tørrplater til ulike typar plastfilm (celluloid, nitrat, acetat, polyester med vidare). Denne siste overgangen skjedde til svært ulik tid, alt etter fotografitype. Mange profesjonelle fotografar brukte faktisk glasnegativ (tørrplater) til etter 1950.

Då våtplatemetoden med glasplatenegativ kom i bruk kring 1859, vart det slutt på daguerreotypia. Fotografane kunne då laga mange papirkopiar av kvart bilete. Men denne nye fotograferingsmetoden var heller ikkje enkel. Glasplatene måtte preparerast med våt emulsjon på overflata umiddelbart før fotograferinga. Dette måtte fotografen gjera sjølv. Glasplatene måtte også framkallast rett etter fotograferinga. Dermed måtte fotografen alltid ha mørkeromstelt med seg når han fotograferte ute. Det sa seg sjølv at

ein måtte ha både teknisk innsikt og kjemikunnskapar for å verta fotograf i våtplatene si tid.

På landsbasis er atelierportrett, visittkortbilete som vi seier, den største motivgruppa før 1920. Bileta hadde visittkortformat (ca. 6x10 cm) og vart kleba på stiv kartong. Hensikten var frå først av at portrettet skulle erstatta det tradisjonelle visittkortet. Dei eldste bileta var svært enkle. Dei viser personar som var kledde for visitt. Seinare vart utstyr og dekor i atelieret stadig meir rikt og fantasifullt. Folk skaffa seg fine albumar til oppbevaring av bileta. Då 1900-talet tok til, var det ein eller fleire visittkortalbumar på bestestovebordet i dei fleste heimane, både i Haugesund og elles. Desse forseggjorde innstikkalbumane vart reine statussymbola. Men like så viktig var det at dei små visittkortbileta på ein enkel måte kunne sendast med brev i posten. Dermed kunne dei mange fiskarane og sildesaltarane som var innom Haugesund i sesongen, senda heim portrett av seg sjølve. Det rike vårsildfisket la nemleg grunnlaget for Haugesund som ein god arbeidsmarknad for fotografar frå fjern og nær i åra etter 1854.

Byprospekta – 1800-talet sine reportasje- og reklamebilete

Vårsildfisket førte til at mange fotografar besøkte byen i kortare periodar. Dei tilreisande fotografane tok både bilete av personar i provisoriske atelier og av bygningsmiljø og landskap. Arbeidslivet rundt hamna, særleg sildesaltinga og båtane på fiskefeltet utafor byen, var interessante motiv for dei. Slike byprospekt er dei eldste landskapsbileta i Rogaland. At dei første landskapsbileta vart tekne i og rundt Stavanger, Egersund og Haugesund, var naturleg sidan fotografane på den tida besøkte byane som portrett-fotografar. Både motiv- og komposisjonsmessig representerer dei fotografiske byprospekta ei vidareføring av tradisjonen med lithografiske landskapsprospekt. Som lithografia vart dei første norske landskapsfotografia gjerne overførte til xylografi og trykte i norske magasin, blad og bøker.

Desse første landskapsfotografane, som *Marcus Selmer* i Bergen, averterte truleg ikkje i lokalavisene når dei besøkte ein stad, med mindre portrettfotografering var hovudærendet. Selmer opna atelier i Bergen i 1852 men reiste også rundt om på Vestlandet og fotograferte landskap. Dette var såkalla turistprospekt som han selde gjennom bokhandlarar og ikkje minst til nasjonale forlag som gav ut illustrerte magasin. Så tidleg som kring 1860, hadde ikkje turisttrafikken til Noreg kome i gang for fullt. For Selmer og andre tidlege landskapsfotografar var derfor forlaga bak dei illustrerte magasinane dei beste kundane. I 1860-åra var også stereobilete populære på turistmarknaden. Haugesund hadde ”nyhetens interesse” då, også nasjonalt. Derfor finst det fleire illustrerte trykk med motiv frå byen i desse magasinane, som *Illustreret Nyhedsblad* og *Skilling-Magazin* i 1865 og 1867. Dette var tresnitt (xylografi) laga på grunnlag av fotografi.²

I motsetnad til Egersund og Stavanger var Haugesund og Sandnes nye byar i 1850-

åra. Dermed er desse to byane dei einaste i fylket som kan fotodokumenterast frå dei vart grunnlagde. Sandnes fekk bystatus i 1860, seks år etter Haugesund. Men for dei tilreisande fotografane hadde ikkje Sandnes same interessa som Haugesund. Kystruta hadde ikkje Sandnes som stoppestad. Dei første landskapsfotografane fann heller ikkje vegen til den nye byen inst i Gannsfjorden, eller til distriktet rundt. Grunnen var enkel. Sandnes hadde rett nok leirvareindustri, men denne tradisjonelle næringa drog ikkje så store skarar med arbeidsfolk til den nye byen som sildefisket gjorde til Haugesund i januar-mars månad kvart år.

Marcus Selmer var også portrettfotograf på turane sine. Han besøkte Haugesund minst ein gong før 1865 og kan ha vore den aller første fotografen i byen. Til no har vi ikkje kjennskap til avisannonser eller kunnskap nok om dei eldste portretta hans frå byen. Prestesonen *Jan Greve* frå Skjold var kanskje like tidleg som Selmer. Dei eldste fotografia hans frå byen og omlandet rundt kan daterast til 1862/1863. Det var truleg også Greve og ikkje Selmer som tok det til no eldste, *kjende* fotografiet av den nye byen slik han såg ut kring 1860.

Sikkert er det at fotografia til Selmer og Greve av Haugesund og omlandet og dei bevarte portretta av ein del av innbyggjarane i byen frå 1860-åra, dokumenterer ”det eldste Haugesund”. På dette området står Haugesund i ei særstilling mellom norske byar.



Fotografiet er datert til 1869 og viser sildesaltarar på kaien ved gjestgjevargarden Kronå, det dåverande sentrum i den nye kjøpstaden. I slutten av 1860-åra fotodokumenterte Jan Greve hamneområdet under vårsildfiske-sesongen. Dette er den eldste serien med ”arbeidsbilete” i Rogaland. Dei fleste av desse Greve-fotografia finst i den første byhistoria til Reidar Østensjø. Originalbiletet var eit stereobilete (stereotypi) og hadde tittelen ”*Et salteri i Norge, i Hougesund*”. Både fotografitypen og tittelen viser at fotografiet var mynta på den nye turistmarknaden. Kanskje var det ikkje Greve, men Bergensfotografen Marcus Selmer som tok akkurat dette biletet. Selmer produserte fleire seriar med stereobilete, mellom anna i 1862. Eitt av desse har tittelen ”*Garnfiske paa Sletten ved Hougesund*”. Foto: Karmsund folkemuseum, MHB-F.998

Omreisande fotografar og gjestefotografar på 1800-talet

Dei første fotografane var utlendingar, ofte danskar. Dei reiste med kystruta, den einaste offentlege kommunikasjonsruta på den tida ved sida av DSD-hjuldamparen *Ryfylke*. Dette vesle, lokale dampskipet gjekk frå november 1855 i fast rute mellom Haugesund og Stavanger. Dampskipa (kystruta) som gjekk i rutetrafikk mellom Trondheim og Christiania, var innom både Bergen, Haugesund, Stavanger og Egersund.

Alt i 1840-åra kom dei første utanlandske *daguerrotypistane* til Stavanger på korte visittar. Gjennom annonsar i lokale aviser kan vi no i ettertid lesa kven dei var, og i kva hus i byen dei fotograferte. Eitt av dei eldste, kjente daguerreotypia i Stavanger viser farsforeldra til Alexander L. Kielland og vart teke før 1855. Karmsund folkemuseum har også nokre ganske få slike daguerreotypi, og det finst kanskje også slike i privat eige i Haugesund. I åra mellom 1854 og ca. 1859 då glasplatenegativa kom i bruk, var truleg desse framande daguerreotypistane også innom den nye byen i nord. Men det var nok bare dei mest velståande i fylket som hadde råd til å kjøpa ein daguerreotypi i 1840- og 1850-åra. Det var og berre velståande byfolk som fekk laga maleri av seg sjølve før fotografikunsten vart oppfunnen. Folk flest var nok også først skeptiske til fotografane og produkta deira. Dei var ikkje vane med illustrasjonar i det heile, og slett ikkje portrett av seg sjølve.

– *Då fiskarar, saltarar og fotografar var årvisse gjester i byen*

Vårsildfisket førte til at dei første *fotografane* kom til Haugesund. Handelsfolk, handverkarar og dei mange tilreisande saltarane og fiskarane i sesongen vart etter kvart ei stor kundegruppe. Dei første åra var nok dei meir velståande av dei fastbuande familiane den viktigaste kundegruppa.

I 1852 kom dansken Marcus Selmer til Stavanger første gong. Besøket som var annonsert som eit kort opphald, varte meir enn to månader. Selmer reiste etterpå vidare til Bergen. Opphaldet der vart også annonsert som ein kort visitt. Han vart likevel verande i Bergen i 48 år til han døydd i 1900. Selmer vart både ein landskjend portrett- og landskapsfotograf. Han kom seinare tilbake til Rogaland fleire gonger som besøkande fotograf i Haugesund. Den seinare Bergens-fotografen *Johan van der Fehr* var truleg også innom Haugesund på den tida.

Det går fram av det fotografiske materialet (trykte opplysningar på fotokartongane) at også dei første *norske* fotografane reiste frå by til by langs kysten. Dermed var det kontakt mellom dei tidlege fotografmiljøa på Vestlandet. Mange fotografar var innom fleire byar mellom Kristiansand i sør og Kristiansund i nord. Ein av dei var *Marcus Thrane* som fotograferte ei kort tid i Stavanger i 1863, og som også var innom Egersund på same turen. Mellom 1858 og 1863 fotograferte han nemleg i fleire byar langs kysten mellom Christiania og Trondheim før han emigrerte til USA. Kanskje var han også innom Haugesund.

Forutan dei store byane Bergen og Stavanger, viser det bevarte biletmaterialet at byar

med rikt sildefiske vart trekkplaster for fotografane. Dette viser ikkje minst alle bevarte visittkortbilete frå fotografar i den nye byen Ålesund.³ Ålesund fekk kjøpstadrettar i 1848.

Det er bevart ein god del eldre portrett i Haugesund, både i private heimar og ved Karmsund folkemuseum. Museet har ei samling på om lag 30 visittkortalbumar. Til no har vi likevel ikkje fullstendig oversyn over kven alle dei første, omreisande fotografane var, og kven av dei som er representerte i det bevarte positivmaterialet.

Tidlegare museumsstyrar Nils H. Tuastad var interessert i desse første, tilreisande fotografane. Han studerte avisannonser og fann dermed ut når fleire av dei kunngjorde gjesteopphaldet sitt i byen. I 1863, averterte *O. Halvorsen* i avisa *Karmsundposten* at "Photografi-Portraiter aftages daglig i K. Fostenes Hus". Dette er den eldste, kjende fotograf-annonsen frå Haugesund- og Karmsund-regionen.⁴ Vi veit ikkje kor lenge Halvorsen oppheldt seg i byen. Seinare kom det mange slike gjestefotografar, både i



Anne Malene Nilsdtr. Hauge (1811-1888) var ei av dei mange på Haugalandet som "tok seg av" hos gjestefotografane i Haugesund i 1870-åra. Bergens-fotografen M. A. Sandblom fotograferte Anne Malene. Sandblom losjerte på eit av hotella i Haugesund i desember 1875, og kanskje tidlegare også. Fotokartongtypen tyder også på at dette portrettet skriv seg frå midten av 1870-åra.

Foto: M. A. Sandblom, Karmsund folkemuseum, p.a. 1.702

1860-, 1870- og 1880-åra. Ingen fotografar oppheldt seg i byen då det var folketeiljing i 1865. Folketeiljinga 1875 opplyser at to fotografar losjerte på Jonassens Hotell i Haugesund; *Martin Sandblom* og *Samuel Saaby*. Sandblom var frå Sverige. Han var også innom Ålesund tidleg i 1870-åra.⁵ Firmaet *M. A. Sandblom & Co* hadde atelier i Bergen til 1875. Saaby var frå Skien. Folketeiljinga 1885 opplyser at fotograf *Olaf August Hansen* fotograferte i Haugesund. Han hadde atelier i Bergen på den tida.

Jan Greve frå Skjold var den eldste, lokale fotografen i Haugesund. I 1864 averterte han i Karmsundposten at han "... atter er begynt å avta fotografibilleder på papir (visitkort), glas og voksduk, efter de nyeste moder. Bopel hos S. Olsen. Elever modtages."⁶ Det går med andre ord fram av annonsen at han også hadde fotografert tidlegare i byen. Reidar Østensjø skriv at Greve flytte til Haugesund i 1860 og vart først handelsbetjent.⁷ Landskapsbileta hans kan som nemnt daterast til 1862/1863. I 1876 etablerte Greve fotograf-firma i Stavanger og flytte dit. Det var nok den forbigåande nedgangstida etter at silda forsvann kring 1870 som gjorde at kundegrannlaget vart for lite for han som fastbuande fotograf i Haugesund. På den andre sida er det heller ikkje sikkert av han budde fast i byen like til 1876.

Fotograf *C. L. Jacobsen* averterte som portrettfotograf i Haugesund i same numme-



Dette er kanskje det eldste skulebiletet i Haugesund. Fotografiet viser den eine av dei to private jenteskulane i byen i slutten av 1860-åra. Fremst sit f.v. Louise Christiansen, Hanna Clementsen og Erica Bodom. Bak f. v. Thea Hansen, Malla Wrangell, lærarinna Hulda Christensen, Louise Seglem, Henriette Bodom og Nancy Hamre. Fondveggen viser at jentene vart fotograferte i eit atelier. Kanskje var det hos Jan Greve.

Foto: Karmsund folkemuseum, MHB-F.86

ret av Karmsundposten (1864) som Greve. Jacobsen var gjestefotograf og tok inn på Halvor Olsens Hotell under vårsildfisket. Han var truleg fleire sesongar i byen. Jacobsen etablerte fotofirma i Bergen i 1861 og slo seg ned som fotograf i Stavanger i 1864. *Hans Daae Norman* reiste andre vegen. Han fotograferte i P. Amlie sitt hus på torget når han besøkte Haugesund i åra mellom 1862 og 1880. Norman hadde også atelier i Stavanger (ca. 1863-1865) og sidan i Bergen (1866-1869).

Selmer, van der Fehr, Halvorsen, Greve, Jacobsen og Norman er dei seks første, kjende atelierfotografane som oppheldt seg i Haugesund, men Selmer og van der Fehr var berre på korte besøk. Greve var den første som budde i byen og som hadde atelier der i fleire år.

Det er interessant å merka seg at både i Egersund (Ferdinand Bugge) og i Haugesund hadde den første offentleg tilsette telegrafisten portrettfotografering som tilleggssyrke. I 1865 søkte nemleg "Fotografist Hansen" Haugesund kommune om å få føra opp eit skur på kommunen si tomt ved skulehuset til å "... aftage fotografiske billeder". Dette var telegrafist *Andreas Hansen*, fortel Reidar Østensjø.⁸ Telegrafan og fotografiet var i praksis to like gamle tekniske nyvinningar i landet vårt.

– Frå Ålesund til familien Amlie sitt hus på torget

Sjølv om silda ikkje kom inn til kysten utafor Haugesund i åra mellom 1870 og 1894, vart det ikkje slutt på fiskesesongar og fotografbesøk. Haugesundarane utvida fangstfeltene sine til fjernare farvatn etter 1870. Dei engasjerte seg i storsild- og feitsildfisket langs Nordlandskysten og sidan ved Island. Der tok haugesundarane også til med kvalfangst. Heime i byen førte alt dette også til større satsing på skipsfart og skipsbygging. Dermed kom gjestefotografane som før på faste besøk med kystruta.

Ein av dei var *Heinrich Louis Sophus Kørner* som fotograferte på ei tomt ved ei av sjøbuene i byen under fiskesesongen. Den 25. febr. 1884 averterte han i Karmsundposten at han etter mange oppfordringar ville opna "sin forhenværende fotografiske Forretning" i huset til Peder Amlie på torget.⁹ Kørner hadde elles fotofirma i Bergen. Fotograf *Nils Henriksen* kom frå Ålesund og opna atelier i Haugesund i 1877. Han vart verande til 1885. Då overtok *Henry Hansen* atelieret. Han dreiv firmaet *N. Hendriksens Efterf.* til 1887 og etablerte fotograf-firma i Kristiania i 1889. Folketeiljinga 1885 nemner likevel berre ein fastbuande fotograf i Haugesund. Dette var *Peder Amlie jr.* som hadde atelieret i foreldreheimen i Torvg. 3, rett ovanom hamna.

Fleire av gjestefotografane hadde først vore atelierfotografar i Ålesund. Dette gjeld både ovannemnde Niels Hendriksen som etablerte seg i Ålesund i 1863 (skreiv seg Nils Henriksen i Haugesund), *Lr. Anderson* (Lars Andersen) som overtok atelieret hans i Ålesund då Henriksen flytte til Vats i 1874 og til Haugesund 1877, og som sjølv flytte til Haugesund og overtok firmaet etter Henry Hansen i 1887, *Ole Olvik* i 1892 og brørne *Martin* og *Olaf Olsen*. Dei to brørne flytte til Haugesund i 1902, men dei fotograferte også i Haugesund før dei etablerte seg i Ålesund i 1898.



Kjøpmann Peder Amlie frå Toten hadde god grunn til å fotografiera det nye huset sitt då det stod ferdig i Torggt. 3 i slutten av 1860-åra. Amlie var nemleg så framsynt at han bygde fotografatelier i loftsetasjonen som han leigde ut til gjestefotografane når dei besøkte byen. Fotografiet viser både fasadeskiltet Fotografisk Atelier og det store takvindauguet. Før elektrisiteten kom, var sola og dagslyset ei nødvendig lyskjelde. Då sonen Peder Amlie jr. vart vaksen, overtok han atelieret og var ei tid ein av fotografane i byen. Dette fotografiet frå 1869 er teke mot sydaust. Huset til venstre er Strandgt. 162. Dette vart erstatta av bygget til Bergens Privatbank i 1937.

Foto: Haugesund Rederiforening

Atelieret i bygarden til kjøpmann Peder Amlie låg svært sentralt til for alle som besøkte Haugesund. Mange gjestefotografar leigde dette atelieret under opphald i byen: Hans Daae Norman i åra etter 1862, Jan Greve pr. 1875, Heinrich L. S. Kørner pr. 1884, Peder Amlie jr. pr. 1885, *Kristofa Jansen Grøn* i 1901 og *C.W.T. Monrad*, den siste pr. desember 1901.

Det var sikkert fleire fotografar enn dei vi kjenner i dag, som besøkte Haugesund dei tre siste tiåra før 1900-talet tok til, og sikkert fleire som leigde atelieret hos Amlie. Men det nye i 1890-åra var at fleire av dei tilreisande fotografane slo seg ned og etablerte firma i byen.

Gjestefotografane etablerer seg i byen

Perioden mellom 1886 og utbrotet av første verdenskrigen var ei rik oppgangstid for Haugesund. Dermed vart fotografering eit sikrere levebrød desse åra enn tidlegare. Fleire fotografar slo seg ned i byen. Folketeljinga 1900 nemner fleire etablerte fotografar som er ukjende for oss i dag: *Ingeborg Høie*, *Lauritz Jul* og jordmor *Magdalene Lind* var tre av dei.¹⁰ Johannes Hauge, son til kaptein Bernt Hauge i byen, var fotograf-lærling, like eins dei to Haugesund-jentene Gudrun Lied, dotter til telegrafstyrar D. Amundsen Lied og Gabrielle Oktavia Olsen, dotter til urmakarmeister Erik Olsen. Dessutan hadde Ole Olvik, den seinare så kjende naturlegen på Stord, eit større atelierfirma med tilsett fotograf og retusjør. Olvik etablerte seg i Haugesund i 1892 etter eit kortare fotograf-opphald i Ålesund.¹¹ *Fredrik Thomas Krogh Monclair* overtok atelieret til Olvik i 1903 og dreiv dette til 1933 (var også postmeister til 1910). Det er uvisst kor lenge Høie, Jul og Lind var fotografar i Haugesund.

I 1901 etablerte *Alfred Brundtland* (til 1907), *Kristofa Jansen Grøn* og *C.W.T. Monrad* seg i byen, og i 1902 selde fotograf-brørne Martin og Olaf Olsen atelieret sitt i Ålesund og opna atelier i Haugesund. Olaf Olsen etablerte firma i 1914 og dreiv dette til i 1940-åra.¹² *Hans Joachim Norland* etablerte seg i Haugesund i 1905 men flytte firmaet til Stavanger i 1911. *Ole Brøndelsbo* frå Tvedestrand gjekk i lære hos fotograf Olvik i 1903 og hadde eige firma i Haugesund ei tid etterpå.¹³



82. Norwegen, Haugesund, Herings-sortierer

Haugesundsmotiva i stereobiletseriar vitnar om at Haugesund var kjend som "sildaby" også utanom landegrensene i andre halvparten av 1800-talet. Marcus Selmer marknadsførte ein heil serie norske Stereoscophilleder i eigen salskatalog i 1872. I slutten av 1890-åra vart stereobileta mote igjen, både hos turistane og i borgarfamiliane i byane. Fleire utlandske selskap produserte motivseriar frå Noreg. Her ser vi eit tyskproduisert stereobilete frå Egga-brygga, Ballastkaien på Risøy med serienr. 82 og tittelen Norwegen. Haugesund, Herings-sortierer. Dei lokale sildesaltarane er f.v. Ingebrigt Tollefsen Skastød, Lene Torgersen (kona til Andreas Torgersen), Serine Tollefsen Skarstød (lengst bak, kona til Ingebrigt), to ukjende og Andreas Torgersen Risøy fremst til høgre.

Foto: Karmsund folkemuseum, MHB-F.119

I dei første åra etter 1900 var det med andre ord svært mange fotografar som etablerte seg i byen. Desse åra var det ein nær kontakt mellom Haugesund og Stavanger på dette området. Fleire fotografar flytte mellom Stavanger og Haugesund, på same måten som fotografane tidlegare flytte mellom dei to fiskeribyane Ålesund og Haugesund. Norland var som nemnt ein av dei. *Hakon Johannessen* etablerte seg i Stavanger i 1901 og opna filial i Haugesund i 1910. Fotograf *Margit Petersen* frå Stavanger vart første filialstyraren. I 1926 etablerte ho eige firma i Haugesund. Margit Petersen dreiv firmaet til ho døydde i 1955 med broren *Harald Petersen* som medhjelpar. Han dreiv firmaet vidare til det vart avvikla i 1964.

Sigrid B. Hauge var filialstyrar for Hakon Johannessen frå 1925 (tilsett i firmaet frå 1917) til filialen vart seld i 1933. I åra 1933-1968 dreiv ho eige firma. *Johs. Bugge* kjøpte atelier-filialen til Hakon Johannessen, men han dreiv berre firmaet til 1935. Ei tredje kvinne etablerte eige firma i Haugesund på denne tida. Fotograf *Jenny Gurine Alne* (g. *Trodahl* 1925) opna fotograf-forretning hausten 1922 men flytte firmaet til Kopervik i januar 1926.¹⁴ *Olav Næss* etablerte atelier for seriefotografering (polyfoto til passbilete) i 1947 men dreiv ikkje med tradisjonell atelierfotografering. Det gjorde truleg heller ikkje *Trygve Nygaard* i forretninga si, Fotomagasinet A/S.

Idar Johannessen etablerte fotoatelieret *Foto Idar A/S* saman med kona, *Dorli Johannessen* i 1954. Sonen *Hans Einar Johannessen* overtok firmaet i 1988. Dette vart avvikla i 1990, men frå 1991 driv han firmaet under namnet *Fotografmesteren Hans Einar Johannessen*. Fotograf *Hartvig Leknes* etablerte firmaet *Moderne Foto* før 1954. Fotograf *Ivar Tryggestad* vart tilsett i 1954 og kjøpte firmaet i 1967. I dag eig og driv sonen, fotograf *Jan Roger Tryggestad*, firmaet *Moderne Foto*. *Arne Lindaas* arbeidde både hos fotograf Næss og hos Foto Idar A/S før han opna eige atelier i 1961. Lindaas avvikla firmaet i 1984 og overlet då negativmaterialet til fotoforretninga *Arne Blixhavn* som han leigde atelier hos. Arkivet finst i dag ved Karmsund folkemuseum.

Frå atelierportrett til oppdragsfotografi for lokalt næringsliv og offentlege organ

Tilbodet, eller helst etterspørselen etter ulike fotografitypar, vart mykje større og meir differensiert etter 1900 enn på 1800-talet. Det er først og fremst dei mange ulike fotografitypane som er interessante i denne samanhengen, ikkje fotografane i seg sjølv. Kunden bestemte oppdraga. Ein og same fotografen produserte derfor fleire fotografitypar. Dei tradisjonelle visittkortbileta var mote til om lag 1915. Sidan vart såkalla studioportrett i omslagsmapper vanlege, slik vi kjenner dei frå seinare år. Fotografane vart gjerne også tilkalla til fotografering i heimane. Dei tok både familiebilete og bilete ved spesielle hendingar, som bryllaup og andre selskap. Denne oppdragstypen var i sterk vekst utover på 1900-talet.

By- og landskapsprospekta som var den andre større motivgruppa frå 1800-talet, vart

til serieproduserte turistbilete og postkort etter 1900. Skulefotografering og fotografering elles for statlege og kommunale verksemdar vart ei av fleire inntektskjelder i tillegg til atelierfotografering. Men den viktigaste tilleggsinntekta fekk nok atelierfotografane frå reklame- og oppdragsfotografering for det lokale næringslivet. Dei lokale postkorta høyrer også til denne gruppa.

– Frå landskapsprospekt til postkort med lokale motiv

Det fotografiske postkortet med landskapsmotiv frå Rogaland går tilbake til opninga av *Turistrute 7, Suldal-Bratlandsdalen* i 1887. Utgangspunktet for ruta var båt frå Stavanger til Sand. Andre delar av Rogaland var ikkje interessant dei første åra etter at den meir organiserte turisttrafikken kom i gang frå utlandet, hovudsakleg frå Storbritannia og Tyskland. Sjølv om avdukinga av riksmonumentet Haraldstøtten med "tusenårsfest" og prinsebesøk i 1872 hadde sett Haugesund på det rikshistoriske kartet, var dette likevel ikkje nok til å gjera byen til turistmål for utlendingar. Derfor kom ikkje kjende fotografar som *Knud Knudsen* og *Axel Lindahl* eller utanlandske fotografar til Haugesund når dei reiste rundt i landet for å ta bilete til denne første turistmarknaden.

I norsk samanheng fekk året 1905 dobbel tyding for den nasjonale postkortproduksjonen. Unionsoppløysinga førte nemleg til styrking av den nasjonale sjølvkjensla, og til ein eksplosjonsarta vekst i kortproduksjonen, ikkje minst til den norske marknaden.¹⁵ I åra før 1905 dominerte postkorta til turistmarknaden. Dei fleste korta vart produserte i Tyskland. Etter 1900 overtok fleire nye, nasjonale kunst- og kortforlag i Kristiania. *Firmaet K. Knudsen* i Bergen vart også ein av dei største

I åra rundt 1900-1905 var det mote i byane å fotografere seg i "17-mai-stas". Det spørst om det ikkje var fotografane som reklamerte med slike bilete. Dei pynta atelieret med bjørkekvistar og andre passande effektar og lånte truleg ut 17. mai-sløyer. Her er f.v. Kaia Hauge, Johannes Haga, Birgitte Enes (gift Buch), Petra Enes, Jens Kyvig, Magnhild Hytten (gift Lie) og Sigvald Lie

Foto: Søstre Jansens Efterfølgere, Karmsund folkemuseum, MHB-F.280



postkortprodusentane, og truleg det første norske firmaet som både fotograferte og som masseproduserte fotografiske postkort. Det vanlege var elles at fotografane leverte produkta sine til andre. I Haugesunds-området fotograferte både etablerte og omreisande fotografar til kortproduksjonen, også fleire lokale bokhandlarar og trykkeri, men det finst ikkje noko samla oversyn enno over alle dei lokale produsentane i Haugesund og elles i fylket.¹⁶

Dei tre eldste, lokale postkortprodusentane i Haugesund var truleg Nils Sund sin bok- og papirhandel, etablert 1899, Thea Larsen sin bokhandel, etablert før 1904 og S. Lothes Forlag, etablert før 1908.

Fotograf Henry Hansen som hadde atelier i Haugesund i åra 1885-1887 (firmaet N. Henriksens Efterf.), hadde atelier/fotografisk forretning i Kristiania frå 1889 til etter 1906 og vart postkortprodusent. Han produserte kort frå mange stader i Rogaland og var også innom Haugesund (korta hans er merka "Eneret H. Hansen"). Alfred Brundtland var som nemnt atelierfotograf i Haugesund i 1901-1907. Som atelierfotograf i Bergen i åra 1907-1916 produserte han også postkort frå Vestlandet. Det er uvisst om han også produserte kort i Haugesund før han flytta til Bergen i 1907. Olaf Olsen som hadde fotograf-firma frå om lag 1902 saman med broren Martin, var også postkortfotograf i Nord-Rogaland. Det er uvisst kor stort omfanget var av denne produksjonen. Dette gjeld også for *Oscar Olsen* frå Stavanger. Han var postkortfotograf



Bokhandlerane Nils Sund og Thea Larsen var truleg dei to eldste lokale postkortprodusentane. Fotografiet på dette kortet vart teke frå Hasseløy mot hamna i 1904. Tårnet på den nye Vår Frelseres kirke, ferdig 1901, kneiser over bygningane i bakgrunnen.


Foto: Thea Larsen, Statsarkivet i Stavanger, 1989/40:55

og produsent, mellom anna saman med fotograf *John Kjølvik* og budde nokre år i Haugesund etter 1910.

Nasjonalt og særleg lokalt er det bevart lite og ingen ting av negativarkiv, produksjonslister, prøvealbumar eller anna som kan fortelja om omfanget av postkortproduksjonen før 1960. Faktisk er det dei aller eldste postkortfotografane som Knud Knudsen (Bergen) og *Anders B. Wilse*, som kan dokumenterast best. Men sidan postkort lenge har vore samleobjekt, er det grunn til å tru at så å seia alt som er produsert av kort med motiv frå Haugesund, er bevart i ein eller annan samanheng. Det finst likevel ikkje noko samla oversyn over dette materialet. Karmsund folkemuseum og Haugesund bibliotek tek vare på postkort, men har som dei andre bevaringsinstitusjonane i fylket, ikkje registrert desse med utgangspunkt i opplysningar om fotograf, utgjevar eller produsent.

– Reklame- og dokumentasjonsfotografi for næringslivet

Anders B. Wilse (1865-1949) vart storprodusent av fotografi til den nasjonale postkortmarknaden og til næringslivet generelt etter at han flytte heim frå USA hausten 1900. Dei nasjonale forlaga *P. Alstrup*, *Mittet* og *H. Abel Kunstforlag* publiserte fotografia hans som postkort. Dei eldste skriv seg frå reisa med kystruta langs Vestlandet i 1902. Wilse var også den første nasjonale fotografen som verkeleg sette både Haugesund og resten av Rogaland på kartet. Han vidareførte tradisjonen frå slutten av 1800-talet med landskapsfotografi til den utanlandske og også etter kvart veksande norske turistmarknaden. Vel så viktig for Haugesund var det at han vart den første realistiske dokumentasjonsfotografen i landet. Wilse besøkte Haugesund og Rogaland elles både som privatperson, som oppdragsfotograf for andre og som turistfotograf. Vurderer vi det samla fotografiske materialet hans frå Rogaland, kan vi seia at han først og fremst var doku-



Ole Olvik etablerte seg i Haugesund i 1892. Då hadde han vore fotograf ei tid i Alesund. Olvik var ein svært allsidig mann. Han produserte mellom anna kamera for sal. Det store atelierkameraet han bygde til eige bruk, finst no ved Karmsund folkemuseum. Her ser vi kameraet til Severin Malmin, eit Olviks Karmos Kamera Fabrikeret i Haugesund, Norge. På optikken står det "UNIKUM – Bausch & Lomb Opt. Co. Pat. Jan. 6.91".

Foto og eigar: Per Christian Malmin, Stavanger.

mentasjonsfotograf i fylket vårt. Wilse var faktisk den mest produktive av alle oppdragsfotografane i Rogaland dei fire første tiåra etter 1900. Han besøkte fylket om lag 20 gonger mellom 1902 og 1942. I negativarkivet over landskapsbileta hans er om lag 2 500 av 86 000 nummer frå Rogaland.¹⁷

Det eldste fotografiet hans frå Haugesund viser ”Vestre Indløb” som han skriv i fotodagboka si. Wilse kom nemleg med kystruta frå Ålesund og stoppa i Haugesund 21. juli 1902. Haraldsstøtta på Gard var naturleg nok eit anna motiv frå dette første besøket. Men to av dei viktigaste Rogalands-motiva hans, som han stadig kom tilbake til, var vårsildfisket utafor Karmøy og Haugesund og brislingfisket i Ryfylke-fjordane. Wilse fotograferte faktisk under sju fiskesesongar i åra mellom 1911 og 1939.

Det er ikkje kjent kor omfattande produksjonen til Wilse var for den lokale marknaden. Sikkert er det i alle fall at det vart ein stadig større etterspørsel etter denne type fotografi utover på 1900-talet, både til reklame og ulike trykksaker som jubileumshefte og andre lokale publikasjonar med tema frå næringslivet enten det no var skipsfart, verfts- og motorindustrien, sildolje- og hermetikkfabrikkane eller den seinare fryse- og



Fotograf Margit Petersen sitt livsverk ruver i Rogaland. Karmsund folkemuseum tek nemleg vare på heile firma-arkivet hennar: 97 246 nr. journalførte glasnegativ med tilhøyrande kundeprotokollar! I ettertid er ikkje minst alle oppdragsfotografia verdfulle. Desse dokumenterer både næringslivet i byen og mange kommunale og private tiltak i åra 1926-1964. Dette fotografiet vart teke til markeringa av 40-års jubileet til Haugesund folkebibliotek i 1933. Biblioteket heldt då til i den tidlegare skofabrikken til Theodor Hansen.

Foto: Margit Petersen, Karmsund folkemuseum, MHB-F.5435

kjøleindustrien. *Hermetikkindustriens Reklamefond* var ein stor kunde for fotografane.

Ole Olvik fotograferte på oppdrag for næringslivet den tida han hadde firma i byen. Hakon Johannessen og Karen K. Henriksen, som etablerte firmaet *Henriksen & Co* i Stavanger i 1901, fotograferte mykje for næringslivet. Johannessen hadde filial i Haugesund frå 1910 til 1933. Det er grunn til å tru at også filialatelieret hadde oppdrag for næringslivet. Sikkert er det at Margit Petersen hadde mange oppdrag for bedriftene i byen etter at ho etablerte firmaet sitt i 1925. I praksis vart det etter nokre år broren Harald Petersen som utførte denne type oppdragsfotografering medan systera stod for arbeidet i atelieret. Heile arkivet på 97 246 negativ er godt bevart ved Karmsund folkemuseum. Museet tek også vare på det store negativarkivet (ca. 1 000 nr.) til Haugesund Rederiforening: *”Jacob S. S. Odlands billedarkiv i Rederiforeningen”*. Arkivet omfattar kopiar (repronativ) av eldre bybilete, som dei bevarte fotografia etter Jan Greve frå 1860-åra, og bybilete tekne om lag 1930 etter initiativ frå skipsreiar Odland, dessutan repropkopiar av skipsbilete. Dette arkivet representerer eit breitt utval fotografi frå næringslivet i byen før og rundt 1930. No i ettertid kan vi seia at negativarkiva etter Margit Petersen og Haugesund Rederiforening utfyller kvarandre på ein god måte.

– Fotografane får offentlege oppdrag

Dei første dokumentasjonsfotografia vart bestilte av statlege institusjonar i 1860-åra. Desse høyrer i dag til dei respektive offentlege arkiva. I 1860-åra innreia *Norges Geografiske Oppmåling* (no *Statens Kartverk*) atelier og tilsette eigen fotograf som den første offentlege etaten. Det er ikkje kjent kor omfattande fotomaterialet frå Haugesund-området eller for Rogaland elles er i dette arkivet. I 1880-åra vart fotografiteknikken for alvor teken i bruk av statlege etatar og institusjonar, særleg til dokumentering innan forsvaret og innan statleg byggjeverksemd. Det omfattande fotomaterialet i arkiva til *Kystverket* og *Havnedirektoratet* i Riksarkivet skriv seg frå ca. 1880 og framover og har fotografi frå heile norskekysten, også frå Haugesund-området. Dette er særleg fotografi som dokumenterer bygginga av fyr og offentlege hamneanlegg, som den første dampskipskaaien i Smedasundet rett etter år 1900. For Haugesund er også fotografia til det statlege *Vårsildoppsynet* verdfulle.¹⁸ Styresmaktene engasjerte ofte lokale fotografar til denne type oppdrag. Når negativarkiva ikkje er bevarte lenger, har positivane i dei aktuelle offentlege arkiva stor verdi i dag.

Også Haugesund kommune hadde behov for å fotodokumentera ulike anlegg, bygningar eller spesielle historiske hendingar. Skulefotografering var eit av dei vanlegaste oppdraga. Fleire av dei etablerte fotografane i Haugesund vart engasjerte på dette området. Etter 1925 fekk fotograf Margit Petersen mange slike oppdrag. Men det var også slik at fotointeresserte privatpersonar tilknytta den kommunale administrasjonen eller faginstitusjonar elles, fotograferte for den respektive arbeidsgjevaren, eller på eige initiativ når dette var aktuelt. I år 2000 sette Byarkivaren i Haugesund i gang eit kartleggingsarbeid over fotografisk materiale i dei kommunale etatane. Men med unn-

tak av skulebiletta, er det både for Haugesund og for kommunane elles i fylket lite fotomateriale i arkiva frå før 1960.¹⁹

Både Byarkivet i Haugesund og dei fleste kommunale arkiv har sitt *Widerøe-luftfotoarkiv*. Dei første flyfotografane var framande fotografar som selde produkta sine til alle kommunane i landet. *Knut Harstad* var truleg norsk pioner i flyfotografering. Han grunnla firmaet Oslo Prospektkortfabrikk i 1925. I 1929 tok firmaet til med flyfotografering av byar langs kysten til postkortproduksjon. Harstad fotograferte også i Rogaland i denne første runden. Firmaet leverte også flyfoto av spesielle motiv etter lokale offentlege og private oppdrag. Dette vart første gong bedrifter i fylket fotograferte bygningane sine frå fly. Det er uvisst kor mange Haugesunds-bedrifter som bestilte slike luftfoto. *Widerøe Flyveselskap A/S* fotograferte første gong i Rogaland i 1935 eller 1936. Frå 1949 og framover finst dei ein omfattande luftfotodokumentasjon av byen ved Byarkivet i Haugesund. Etter 1950 leverte fleire private selskap flyfoto frå byar og bygder i heile landet til postkortmarknaden.

Fotografering på 1900-talet – også ein fritidsaktivitet med varige spor

Det var ikkje noka skarp grense mellom amatørfotografar og profesjonelle fotografar i eldre tid. Dei fleste atelierfotografane på 1800- og tidleg på 1900-talet hadde ikkje fagutdanning. Likevel definerer vi dei som profesjonelle sidan dei hadde fotografering som levebrød.

Tekniske nyvinningar gjorde at fleire enn atelierfotografane fekk fotoutstyr i 1880-åra. Viktigast var introduksjonen av tørrplata (glasnegativ med prefabrikkert emulsjon) og introduksjon av handkamera og rullfilm. I 1888 registrerte George Eastman i Rochester, USA varemerket Kodak og introduserte det første Kodak-kameraet. Rullfilmen gjorde at ein kunne ta seriar med bilete utan å lada kameraet for kvart bilete. Både dei prefabrikerte glasplatene og rullfilmen hadde den eigenskapen at framkalling og kopiering kunne skje uavhengig av sjølve fotograferinga. Slik sett førte åra etter 1888 til ein ny epoke i fotografihistoria, til introduksjonen av amatørfotografiet.

Grappa amatørfotografar er stor, og amatørfotografia kan delast inn i mange forskjellige motivtypar. Fleire bok- og papirhandlarar selde etter kvart også fotografisk utstyr og tok imot filmar til framkalling og kopiering. Det er tilfeldig kva som er bevart av denne type fotomateriale ved musea og arkivinstitusjonane i fylket. Den eldste større, private fotosamlinga ved Karmsund folkemuseum har tilhøyrt bokhandlar (og postkortprodusent) og musikkhandlar *Thea Larsen* i Haugesund. Museet har om lag 150 glasnegativ etter henne frå åra ca.1890-1920. To tilsvarende private negativsamlingar frå om lag år 1900 og framover etter tollkasserar Hans Wilhelm Bergstrøm og adjunkt Severin Malmin kom til Stavanger som resultat av familieflytting.²⁰ Kaptein i forsvaret, Salomon Helmer Nagel-Alne, var også ein dyktig amatørfotograf. Han fotografer-



I Haugesund var Olvik sine kamera for sal frå om lag år 1900, men det var ikkje kven som helst som kjøpte Olvik-kamera og som dreiv med fotografering på den tida. *Thea Larsen* og *Severin Malmin* var to av dei første privatpersonane som fotograferte i byen. *Urmakarfamilien B. A. Eriksen* hadde også godt kamera. Fotografia til familien Eriksen har nemleg svært god teknisk kvalitet, men det er ikkje kjent om negativa er bevarte i dag.

"Vi skal reise fra Førre 1921," skreiv *Bertha Frøiland* under dette fotografiet i albumen sin. *Bertha Frøiland* dreiv kor-tevareforretning og parfymeri i Nygaten i Stavanger. Ho og dottera *Marit* hadde vore på sommarferie hos søstera, *Olava Eriksen* på Skre i dåverande Avaldsnes kommune. *Olava Eriksen* flytte frå Stavanger då ho gifta seg med urmakar *B. A. Eriksen* i Haugesund. Fleire velstående haugesundsfamiliar hadde "landsteder" langs Fjordesfjorden. Familien Eriksen åtte staden sin frå 1907-1928. To av barna til *Olava* og *B. A. Eriksen* er med på dette biletet. *Lars Eriksen* står med hesten til høgre. Han var postpakkmeister i Haugesund. *Dagny Eriksen* står bak vogna, midt på biletet (med hatt og perleband). Ho dreiv i alle år broderiforretning i Haugesund. Kvinna vi ser litt av til venstre for *Dagny*, er svigerinna *Helene Eriksen*. Ho var gift med *Børge*, eldste son til *Olava* og *B. A. Eriksen*. *Børge Eriksen* vart seinare byingeniør i Haugesund og var truleg fotografen. I vogna sit to av barna deira saman med *Marit Frøiland* til venstre og *Berta Frøiland*. Dei to er *Eugenie*, nr. to frå venstre, og *Alfhild* i kusksetet. Ho gifta seg seinare med fotograf *Trygve Nygaard*. Den vesle guten ved sida av *Bertha Frøiland* er *Alf Bernhard Bergin*. Han var ein dyktig sprintar i HIL i 1930-åra men omkom i Nordsjøen i 1941. *Alf* var barnebarn til *Olava* og *B. A. Eriksen*. Bak vogna og bak hesten står to ukjende kvinner: Ei av dei var truleg *Jenny f. Morland*, mor til *Alf*.

Foto: p.e.

te i Haugesund-området frå om lag 1910 og framover. Negativarkivet hans kom til Asker som resultat av familieflytting.²¹

I seinare år har medlemmane av *Haugesund Turistforening* (stifta 1925) og av *Haugaland fotoklubb* sett sterke fotografiske spor etter seg.²² Desse to foreiningane har medlemmar frå heile Haugalandet og også frå grannekommunar i Sunnhordland. Dei dyktige amatørfotografane henta/hentar også motiva sine frå landskapet og naturen i heile dette området. Det meste av negativmaterialet deira er naturleg nok frå etter 1960 og finst i privat eige.

Dei fotograferande medlemmane av lokale turistforeningar og fotoklubbar vart i praksis ofte dei første avisfotografane. I lang tid var det nemleg ordinære atelierfotografar og dyktige amatørfotografar som leverte bilete etter oppdrag frå avisene. Pressefotografiet som genre kan daterast til 1930-åra. Først då presenterte avisene dag-



Andrea Malmin f. Berglund, gift med Severin Malmin, med sonen Andreas, f. 1903, fotografert i barndomsheimen til ekte-mannen i Nils Skorpens gt. Christian Malmin, far til Severin, hadde bakeri der, men han døydde ung. Kona Rakel, f. Vatne, gifta seg sidan med bakar Lars Andersen. Adjunkt Severin Malmin var truleg ein av dei første i Haugesund som kjøpte kamera til reint privat bruk. Han fotograferte både i heimen og ikkje minst i Ramsdalen i dåverande Skåre kommune, særleg etter at han flytte dit permanent med familien sin i 1917. Malmin var særleg interessert i skogplanting og i hagedyrking. Han stifta hageselskapet i byen i 1913. Gjennom fotografa sine dokumenterte han mellom anna landskapet i Ramsdalen før og etter det vart planta skog i området.

Foto: Severin Malmin, Statsarkivet i Stavanger, 1998/12:199

I 1935 reiste Otto Floor frå Stavanger til Haugesund for å fotografere for Stavanger Turistforening. Årboka for 1936 skulle nemleg vera temanummer der Haugesund og omlandet skulle presenterast i tekst og foto.

I fotoarkivet etter Otto Floor finst det 42 fotografi frå denne turen. Rådhuset, Vår Frelseres kirke, hamma, brua til Hasseløy og Haraldshaugen med minnestotta på Gard går igjen mellom motiva.

Risøyferja fanga også interessa hans, like eins dei to hestane Kapella og Lilly på Kvinnesland-marka sør-aust for rådhuset. Risøyferja vart ersatta av Risøybrua då ho opna 14. mai 1939, og i dag ligg revmatismesjukehuset på Kvinneslandmarka.

Foto: Otto Floor, Stavanger Turistforenings arkiv, Statsarkivet i Stavanger.



leg fotografi med motiv tilknytta vanlege hendingar i lokalmiljøet. Dei aller fleste avisene, mellom anna alle i Rogaland, tilsette likevel ikkje egne fotografar før etter 1945. Dei lokale avisredaksjonane bygde heller ikkje opp egne fotoarkiv. Når motivet på fotografiet var overført til rasterklisjeen,

vart fotografa ofte kasserte eller leverte tilbake til fotografen. Etter at avisene gjekk over til offset-trykk og bruk av filmsats kring 1975, vart klisjearkiva ofte kasserte. Derfor finst det lite og berre meir tilfeldig bevart fotografisk materiale frå før 1960 i avisredaksjonane i Rogaland. I Haugesund gjekk *Haugaland Arbeiderblad* saman med Stavanger-avisa *1. Mai* til den noverande *Rogalands Avis* i 1955. Det er ikkje bevart lokalt fotomateriale frå tida før 1955. Karmsund folkemuseum tek vare på ein liten del av fotomaterialet etter *Haugesunds Dagblad* (1912-1972), mellom anna ei samling portrett og ein del av negativarkivet frå det siste tiåret avisa eksisterte.

Oppsummering med status for den lokale fotografihistoria

Denne artikkelen har presentert dei fleste fotografane i Haugesund før 1960 og dei vanlegaste fotografitypane deira. Artikkelen viser at fotografane i 1860-, 1870- og 1880-åra som oftast var tilreisande, nokre av dei også utlendingar, at dei flytta på seg med kystruta, og at dei oppheldt seg i kortare tid i byen. Mange av dei aller første fotografane frå slutten av 1850-åra og framover søkte stader med stort kundegrnlag, som den nye byen Haugesund og andre byar langs Vestlands-kysten når det var fiskesesong. Først

mot slutten av 1890-åra vart fotografmiljøet meir stabilt. Då først hadde det faste kundegrunnlaget i byen og distriktet rundt vorte stort nok til at det var plass til fleire fastbuande fotografar. I praksis ville dette seia at Haugesund ikkje lenger bare var ein ”sil-daby” men hadde fått eit breiare næringsøkonomisk fundament. Åra mellom ca. 1895 og 1914 vart også rekna som Haugesund si ”storhetstid”.

Artikkelen har også vist korleis det kom til mange nye fotografitypar etter 1890-åra. Ved sida av visittkortportretta og byprospekta kom landskapsfotografi elles, postkort, fotografi som vitskapleg og offentleg dokumentasjonsmateriale, familie- og skulefotografi, reklame- og næringslivsfotografi, amatørfotografi frå kvardagslivet, og etter kvart også luftfotografi og reportasjefotografi til lokalavisene. Dette var dei vanlegaste bilettypene i den første hundreårsperioden av fotografiet si historie.

Men det går også fram at det er uråd å dokumentera det store omfanget av denne lokale produksjonen sidan så å seia alt negativmateriale frå 1800-talet har gått tapt. Dermed veit vi ikkje enno kor langt kundegrunnlaget til Haugesund-fotografane strekte seg i omlandet rundt byen, eller korleis forholdet var mellom fotografane i Haugesund og på Karmøy. Artikkelen viser likevel at talet på profesjonelle fotografar stabiliserte seg på 1900-talet, at dei fleste av desse var norske og at dei spesialiserte seg på fleire typar bestillingsfotografi.

I Haugesund var det så langt vi veit til no, mellom 30 og 40 atelierfotografar før 1954. Men eigenleg veit vi lite om denne yrkesgruppa, særleg 1800-tals-fotografane. Det er elles interessant å merka seg at så pass mange kvinner etablerte seg som fotografar frå slutten av 1800-talet og framover. Dette ser vi også på nasjonalt plan. Fotografering var eit av dei borgarlege yrka som hadde mange kvinnelege utøvarar frå slutten av 1800-talet. I Haugesund og også i Rogalands-samanheng står fotograf Margit Petersen i ei særstilling.

Det rike positivmateriale frå 1800- og 1900-talet og dei store negativarkiva frå 1900-talet som Karmsund folkemuseum tek vare på, gjer det likevel mogleg å dokumentera desse ulike sidene ved fotografihistoria til byen.²³ Fotografane som yrkesgruppe og dei ulike typene fotografisk materiale denne gruppa produserte, utgjer eit rikt forskingsmateriale. Karmsund folkemuseum sin bestand av denne kulturarven er eit godt utgangspunkt for å skriva den fullstendige fotografihistoria til Haugesund.

Notar

¹ Denne artikkelen byggjer på prosjektrapporten Fotobevaringsnettverk i Rogaland (L. Risa, 2004), ABM-u/Fotosekretariatets database over fotografar og samlingar, folketeljningane 1865, 1875, 1885 og 1900 for Haugesund, eldre avisartiklar, lokalhistorisk litteratur frå Haugesund, fotografisk materiale ved Karmsund folkemuseum, Haugesund Byarkiv og andre fotobevaringsinstitusjonar i fylket, Nils H. Tuastad sitt notat om eldre fotografar i Haugesund (Karmsund folkemuseum, utan år), Kåre Olsen sitt notat om fotomaterialet ved Karmsund folkemuseum (1985) og samtalar med museumspedagog Ingebjørg Stene

- Jacobsen og konservator Mads Ramstad ved Karmsund folkemuseum.
- ² To av fotografi til Marcus Selmer finst som xylografi (tresnitt etter fotografi) i *Illustreret Nyhedsblad* og *Skilling-Magazin* i 1865 og 1867. Desse viser nordre del av hamna i byen under vårsildfisket i 1860-åra, sett frå Havnaberg og hamna sett frå nordpynten av Risøy i 1865. Sjå Østensjø, 1958, s. 106 og 143. To tresnitt etter fotografi i magasinet *Folkevennen* 1863 viser landnotsteng og snurpefiske. Sjå Østensjø, 1958, s. 29.
- ³ Sjå Skorgevik, 1985.
- ⁴ Karmsund folkemuseum: Notatmateriale etter museumsstyrar Nils H. Tuastad: Sitert etter avskrifta hans av annonsen. Det er ikkje kjent om Tuastad undersøkte annonsane i dei lokale avisene systematisk for heile 1800-talet. Den første avisa i byen var *Karmsundposten* grunnlagt 1861 (to nr. pr. veke).
- ⁵ Skorgevik, 1985, s. 10 og 139.
- ⁶ Som note 4.
- ⁷ Østensjø, 1958, s. 176.
- ⁸ Østensjø, 1958, s. 176.
- ⁹ Etter Nils H. Tuastad sitt notat ved Karmsund folkemuseum. På ein del atelierportrett frå 1880-åra har biletkartongen desse opplysningane: ”Sophus Kørner, Bergen”, og ”Sophus Kørner, Bergen, Haugesund, Torvet”. Filialen hans i Haugesund fekk ikkje så lang levetid. Om lag 1891 flytte Kørner frå Bergen og slo seg ned på Notodden.
- ¹⁰ Folketellinga 1900 viser at det var fleire fotografar i byen enn vi kjenner til i dag. Desse opplysningane finst om fotografar og fotograflærlingar i Haugesund i 1900:
– Johannes Hauge, f. 1884 i Haugesund, ug. *Fotograflærling. Hasseløens nordre del*, 38.
– Elen Karoline Henriksen, f. 1870 i Ålesund, ug. *Retouchør. Haraldsgt. 106*.
– Ingeborg Høie, f. 1883 i Haugesund, ug. *Fotograf. Møllerveien 10a*.
– Lauritz Jul, f. 1880 i Arendal, ug. *Fotograf. Møllerveien 17*.
– Gudrun Lied, f. 1877 i Bodø, ug. *Fotografelev. Strandgt. 68*.
– Magdalene Lind, f. 1872 i Dverbjerg, ug. *Jordmor og fotograf. Haraldsgt. 26*.
– Gabrielle Octavia Olsen, f. 1882 i Haugesund, ug. *Fotograflærling. Strandgt. 86*.
– Ole Olvik, f. 1858 i Bjørnør, g. *Fotograf. Haraldsgt. 106*.
– Edvin Strøm, f. 1886 i Bjørnør, ug. *Fotograf hos Olvik. Haraldsgt. 106*.
Elen Karoline Henriksen var nok dotter til fotograf Niels Henriksen. Av desse fotografane og fotograflærlingane har berre Ole Olvik kome med i den nasjonale fotografdatabasen.
- ¹¹ Skorgevik, 1985, side 138 har opplysningar om det korte opphaldet til Olvik i Ålesund. Nils H. Tuastad skriv at Olvik tok til som fotograf i Haugesund i 1892.
- ¹² Vi kjenner ikkje nøyaktig avviklingsår for desse tre firma:
– Kristofa Jansen Grøn: Tuastad skriv at ho ”dreiv i Amlies hus etter P. Amlie jr.”
– C.W.T. Monrad: Monrad averterte i avisa Haugesunderen den 13.12.1901 at han fotograferte i Amlies Hus på Torget. På eit foto av Grand Hotell (Victoriahjørnet) står stempellet C. W. T. Monrad, Haugesund. På baksida står datoen 26.1.1904. Monrad overtok truleg atelieret etter Kristofa Jansen Grøn.
– Martin Olsen: På fleire atelierbilete av familien O. A. Olsen som ser ut til å vera frå 1890-åra, står det ”Martin Olsen, Haugesund” på baksida av kartongen. Familien fotograferte seg

- også mykje hos ”Brødr. Olsen, Eriksbakken, Aalesund”. Tuastad spør om dette var sønene til O. A. Olsen. Kjell Skorgevik, 1985, s. 91, skriv om brørne Olsen frå Haugesund som dreiv fotoatelieret i Eriksbakken i Ålesund frå slutten av oktober 1898 til dei flytte tilbake til Haugesund i 1902. Fotograf Olaf Olsen sitt atelier eksisterte også i 1940-åra (Haraldsgt.)
- 13 Førebels er det berre fotografopplysningar på visittkortbilete som viser at Brøndelsbo hadde eige atelier i Haugesund: Jamfør foto i samling: Statsarkivet i Stavanger 1987/7 HÅ 79.
 - 14 Ho overtok atelierkameraet til Kristofa Jansen Grøn, men det er ikkje kjent enno om Alne også overtok firmaet etter Grøn og C. W. T. Monrad.
 - 15 I 1905 gav Den internasjonale Postkortunionen løyve til bruk av tekstblokk ved sida av adresseblokk på framsida eller adressesida av kortet. Dermed kunne heile baksida reserverast for biletpresentasjon. Biletsida vart til framside, og adressesida vart til baksida på korta. Postkorta slik vi kjenner dei frå seinare år, skriv seg frå 1905 og utover, men den tekniske kvaliteten vart stadig forbetra. Lystrykk-teknikken var likevel vanleg like fram til om lag 1920, særleg for lokalproduserte kort.
 - 16 Boka *Hilsen fra Haugesund: en byvandring gjennom gamle postkort* presenterer eit utval eldre postkort frå Haugesund. Sjå Aursland og Kalleland (red).
 - 17 Fotografia frå desse seinare Rogalands-besøka er ikkje overførte til nettversjon enno. Under GalleriNOR finst det pr. i dag 276 fotografi frå Haugesund og området rundt byen. Det første fotografiet frå Haugesund viser ”Vestre Indløp 21.7.1902” (sitat frå journalen hans). I nettversjonen til Norsk folkemuseum si biletsamling finst det 47 nr. med motiv frå Haugesund, men dette er både landskapsbilete, bilete frå gjenstandskatalogen ved museet og teikningar.
 - 18 Karmsund folkemuseum tek i dag vare på ein serie fotografi av ulike båtar, ”Fiskebåttypar ved vårsildfisket 1893”. Den tidlegare Haugesunds-fotografen Henry Hansen tok desse, truleg etter oppdrag frå det statlege sildeoppsynet. Oppdraget gjekk ut på å dokumentera ulike båttypar nytta i sildefisket, typar som var i ferd med å vika plassen for dei første motorbåtane. Mange år seinare gav oppsynssjef H. Buvik fotografia til museet i Haugesund. Østensjø, 1958, s. 100-101 har eksempel på desse fotografia frå 1893.
 - 19 Eksempel er *Ingeniør Fougner's album* frå 1930-åra og *Formannskapets fotoalbum* (14 albumar) ved Byarkivet i Haugesund. Dei eldste bileta går tilbake til kongebesøket i 1906, men dei aller fleste skriv seg frå 1930-åra og seinare. Dette er bestillingsbilete leverte av fotografar i Haugesund. Dei aller fleste bileta er monterte i albumar til minne om kongebesøk og andre spesielle hendingar i byen.
 - 20 Dei to samlingane: SA 1998/11: 1-89 *Tollkasserar Hans Wilhelm Bergstrøm* og SA 1998/12: 1-362 *Adjunkt Severin Malmin* finst ved Statsarkivet i Stavanger. Arkivet omfattar også positivmateriale, dessutan negativarkivet (plast) etter sonen, Christian Malmin.
 - 21 For opplysningar om S. H. Nagel-Alne, sjå ABM-u/Fotosekretariatet sin database over fotografar og samlingar. Fleire av fotografia hans frå åra 1916-1918 finst i jubileumsboka til Haugesund Turistforening (2000).
 - 22 Sjå jubileumsboka til Haugesund Turistforening (2000).
 - Arbeidet i den første Haugesund fotoklubb låg nede i periodar, men foreininga vart reorganisert i 1981 under namnet Haugaland kameraklubb. For to år sidan vart namnet endra til Haugaland fotoklubb.
 - Fotografane bak biletheftet *Land og hav vokster gav* (Haugesund 1954) høyrde truleg til fotoklubbmiljøet i byen. Heftet har opplysningar om alle som leverte bilete: Hovedfotograf

var Idar Johannessen. Dei andre var Øystein Tveit, Kristian Bakke, Arne Blixhavn, Bent Lieng, Svend Hauge Claussen, Karl Østensjø og Nils Sund. Widerøes Flyveselskap og Oppi Fotoatelier leverte også fotografi til heftet. Heftet nemner ikkje kven som har teke kva av bileta.

- Band III av biletbøkene: *Det gamle Haugesund. Et billedalbum* (red. Johan Vikse) presenterer mellom anna bileta til desse fotografane frå ”nyare tid”: Nils H. Tuastad, Kristian Bakke, Karl A. Østensjø, Hans Hauge, Svend Hauge Claussen, Howard Dueland, Knud B. Gundersen og Kjell Strand.
- 23 Fem større fotografarkiv er bevarte frå 1900-talet, alle ved Karmsund folkemuseum: *F. Th. Kr. Monclair* (1903-1933) med ein del av *O. Olvik* (1892-1902) sitt arkiv, *Margit Petersen a/s* (Margit Petersen 1926-1955 og *Harald Petersen* 1955-1964), *Sigrid B. Hauge* (1933-1968), firmaet *Foto Idar* (*Idar Johannessen* 1952-1988 og *Hans Einar Johannessen* (1988-ca. 1990) og arkivet etter *Arne Lindaas* (1961-1984). Dessutan har Karmsund folkemuseum om lag 180 negativ (ca. 1890-1920) etter bok- og musikkhandlar Thea Larsen. Negativarkiva etter fotografane *Hakon Johannessen* (1910-1933) og *Johs. Bugge* (1933-1935) er ikkje bevarte. Ein liten del av negativarkivet etter *Olaf Olsen* som skal ha etablert nytt firma åleine i 1914, finst ved Karmsund folkemuseum (både topografiske motiv og atelierbilete).

Litteratur

- Aursland, Jostein og Kalleland, Kenneth (red): *Hilsen fra Haugesund: en byvandring gjennom gamle postkort* (Haugesund 2003).
- Bjerkvik, Ottar: *Pionerene bak gatenavnene i Haugesund* (Haugesund 1987).
- Haugesund Turistforening: *Spor* (Haugesund 2000).
- Johannessen, Idar (red): *Land og hav vokster gav* (Haugesund 1954).
- Morland, Knut: *Haugesund kommunale administrasjon 1930-1998* (Haugesund 1998).
- Skorgevik, Kjell: *Fotografer i Ålesund i glassplatenes tid* (Ålesund 1985).
- Stavanger Turistforenings årbok 1936: Temanummer *Haugesund og omlandet* (Stavanger 1936).
- Vikse, Johan (red): *Det gamle Haugesund. Et billedalbum* (Haugesund 1975, 1976 og 1978).
- Østensjø, Reidar: *Haugesund 1835-1895*, band I og *Haugesund 1896-1913*, band II (Haugesund 1958 og 1993).